

Fra kyrie til gloria

--- om menneskesyn og gudsbilde i kirkens liturgi

Foredrag ved Dag Øyvind Østereng,
Bjørgvin Kirkeakademi, 28.11.2007

Den 28. november var eg på eit foredrag om menneskesyn og gudsbilete i liturgien, av Dag Øyvind Østereng. Her fylgjer mitt samandrag av foredraget, basert på notatar og det eg hugsar. Dette vil hovudsakleg vere mi oppfatning av foredraget. Men om eg legg til eigne forklaringar som går utover det Østereng sa (eller mi oppfatning av det), så vil dette vere utheva i **feit skrift**. Dette vil også bere litt preg av å vere notat, så det er kanskje ikkje så mykje orden i det.

Her er i kort oversikt over innhaldet i foredraget:

1. OVERSKRIFT FOR FOREDRAGET: EF 3:14FF	1
2. LITURGIEN: VÅRE HANDLINGAR FOR GUDS ÅSYN	2
3. KYRIE OG GLORIA	2
4. LITURGIREVISJONEN	3
4.1. OPNINGSORDET.....	3
4.2. SYNDSVEDKJENNINGA.....	4
4.3. DÅPSLITURGIEN.....	5
5. SYND	5
6. SPØRSMÅL FRÅ SALEN	6

1. Overskrift for foredraget: Ef 3:14ff

Østereng byrja med å lese Ef 3:14ff. Han las den på bokmål, men eg siterer den her på nynorsk, etter omsetjinga frå 1978/85:

Difor bøyer eg mine kne for Faderen, han som har gjeve namn til alt som heiter far og born i himmel og på jord. Eg bed om at han som er så rik på herlegdom, må styrkja dykkar indre menneske med si kraft og sin Ande, så Kristus ved trua kan bu i hjarto dykkar, og de kan vera rotfeste og grunnfeste i kjærleik. Då skal de saman med alle dei heilage maktast å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna heile Kristi kjærleik som er større enn nokon kan skjøna, og verta fylte med all Guds fullnad. Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, han skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver! Amen.

Østereng påpeika det kyrkjelege, ekklesiastiske, ved denne teksten. Som det står: "Han skal ha ære i kyrkjelyden." Poenget med denne teksten ligg i det at vi skal bøye oss for Faderen, som Guds folk. Vi skal vere i kommunion med Gud, og med alle dei heilage.

2. Liturgien: våre handlingar for Guds åsyn

Østereng påpeika kva liturgi er for noko, nemleg folkets handlingar overfor Gud, for Guds åsyn. Østereng påpeika også at det liturgiske livet skal vere ei livslang danning eller forming av livet vårt. Han sa, i fylgje han litt spissformulert,¹ at det som blir sagt i liturgien skal vere det viktigaste som blir sagt på jord, og at orda difor må "vegast på gullvekt" og prøvast. Det som skal openberrast i liturgien, er vår sanne tilstand og vegen til Gud. Østereng påpeika kor viktig det er å ha ein solid teologi og antropologi som bakgrunn for liturgien. Liturgien skal også vere kristologisk forkusert, Kristus-sentrert, spesielt i eukaristien, nattverden. Difor må liturgen vere medviten om si oppgåve.

Min kommentar: Eg liker å dra fram Aristoteles sitt kunnskapshierarki. Aristoteles påpeika at (i) dei spekulative eller teoretiske vitenskapane står over, og er grunnlag for, (ii) dei praktiske vitenskapane, som igjen står over, og er grunnlag for, (iii) dei produktive vitenskapane.

Det fyrste handlar om å søkje kunnskap om sanninga for si eige skuld, det andre om korleis vi skal handle, det tredje om korleis vi kan endre på ting rundt oss, kultivasjon. Teologien og antropologien ligg i det fyrste, og liturgien, som ligg i det andre (det er snakk om folkets handlingar), vil difor måtta vere forma av det fyrste.

3. Kyrie og Gloria

Desse to omgrepa kan stå som eit bilete på heile frelseshistoria, det som blir formidla i liturgien.

Kyrie er, i fylgje Østereng, "kirkens sos." Det er eit uttrykk for ei felles erkjenning av den menneskelege tilstanden, det viser oss kva menneskesyn vi har.

Gloria, viser oss at mennesket, etter å ha erkjent syndene sine, er blitt heva opp til fellesskap med Gud, og at vi no er verdige til å rope "Gloria in Excelsis Deo" -- "Ære vere Gud i det høgste!"

Desse to omgrepa kan ligge som grunnlag for heile liturgien. Grunnen til at vi i det heile tatt feirar gudsteneste, er fordi vi vil ære Gud som har løfta oss syndarar (kyrie) opp til eit nytt liv i Kristus, der vi kan lovprise han saman med englane (gloria). Det kan vi kalle for *theosis*, heilaggjeringa.

¹ Eg meiner at dette ikkje er noko spissformulering. Østereng traff heilt rett. Det er snakk om vår takk og tilbeding av den eine, sanne Gud.

4. Liturgirevisjonen

Østereng kom no med nokre dømer på liturgirevisjonen, men kom fyrst med nokre korte kommentarar til liturgihistoria i DNK, og til liturgi generelt.

- Dagens liturgi er betre enn den frå 1920-talet, så ein revisjon er ikkje dårleg. **Men endring for endringa si skuld er sjeldan bra.**
- Mange meiner at liturgien berre er ei "møteform."
- Liturgien skal vere levande, dynamisk. **Men det dynamiske treng noko som står fast, noko å prøvast opp mot. Ein kropp er i endring, men ein forblir menneske heile tida.**

Østereng kom så med nokre dømer, og gjekk systematisk gjennom dei. Han tok ikkje heile liturgien for seg, men konsentrerte seg om innleiinga/opningsordet, syndsvedkjenninga og dåpsliturgien.

4.1. Opningsordet

No har vi to val,

- Nådehelsinga: "Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus."²
- Den trinitariske helsinga: "I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande."

Østereng bruker konsekvent den trinitariske helsinga fordi fokuset skal vere på at det er Den treeinige Gud vi skal tene i gudstenesta. **Eg ville brukt begge. Fyrst ville eg sagt "I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande," medan eg laga eit korsteikn over kyrkjelyden. Deretter ville eg sagt, "Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus. Amen."**

Østereng presenterte deretter eit nytt forslag som er ute på høyring:

- "I namnet åt skaparen, frigjeraren og livgjevaren."

Østereng påpeike nokre sentrale problem med denne:

- Den er ikkje særleg trinitarisk, men er heller prega av modalisme og sabellianisme.
- Østereng påpeika også at ei endring av språk ofte kan føre til ei endring av innhald. Orda er sjølv sagt ikkje fastlagt for alltid, men vi må huske på korleis folk vil oppfatte eit ord. Difor må det prøvast opp mot teologien.
- Østereng viser til Gal 4:6: *Og sidan de er born, har Gud gjeve sin Sons Ande i hjarto våre, og Anden ropar: "Abba, Far!"* **Det er viktig å halde på det trinitariske, og ikkje havne i kjetteri.**
- Eg vil leggje til at å bruke denne formuleringa er ikkje særleg klokt, teologisk sett. "Folk flest" får si teologiske "utdanning" i kyrkjerommet, og difor må det som blir sagt her vere klart forankra i sann teologi og antropologi.

² Denne formuleringa finn vi i Rom 1:7, 1Kor 1:3, 2Kor 1:2, Gal 1:3, Ef 1:2, Fil 1:2 og Filem 3.

4.2. *Syndsvedkjenninga*

Østereng sa at enkelte vil fjerne syndsvedkjenninga frå den plassen den har, og kanskje flytte den. Dei vil bytte den ut med ei samlingsbøn. Eg hugsar dessverre ikkje ordlyden i denne samlingsbøna, men eg hugsar ein lite del. Der seier ein: "...du veit at vi vil dt gode, men..." Men problemet med denne bøna ligg nettopp i at vi ikkje alltid at vi vil det gode. Samlingsbøna, som ein vil skal ha den plassen i gudstenesta som syndsvedkjenninga har no, opererer med eit nytt menneskesyn, og det kan --- som var tilfellet med det modalistiske innhaldet i forslaget til nytt opningsord --- sporast tilbake til den tidlege kristentida, her til diskusjonen mellom Augustin og Pelagius. Pelagius meinte at mennesket var godt, ikkje berre ontologisk, men også moralsk. Formuleringa; "Du veit vi vil det gode..." kunne godt vore skrive av Pelagius. **Men dette har blitt erklæra som kjetteri av kyrkja. Kvifor gå tilbake til dette?**

Østereng påpeika at syndsvedkjenninga har sin bakgrunn i det almenne (og individuelle) skriftemålet. Han påpeika også at i denne står vi saman med David, som synda mot Gud (1Sam 11-12.) Dette er også knytt til Salme 51, som ofte blir brukt som botssalme. Vi står også saman med Moses, på heilag grunn, og saman med Peter etter at han sveik Kristus.

Østereng viste også til Didache 14:1, der det står kva som er det viktigaste i gudstenesta; syndsvedkjenninga og eukaristien.

På Herrens søndag skal dere komme sammen og bryte brød og holde takkebønn, etter at dere først har bekjent deres synder, slik at deres offer kan være rent.³

Østereng viste også til noko ein prest hadde sagt til han; kvifor byrje med syndsvedkjenninga. Gudstensta er ein fest, og du byrjar ikkje ein fest med å ta folk ned i kjellaren. **Eg vil påpeike at å kalle ein gudsteneste for ein fest er bra, men ein skal ikkje dra det for langt. Men bilete med kjellaren er bra. Vi byrjar nede, også går det oppover. Vi byrjar ikkje oppover, for så å gå nedover.**

Eg vil no leggje til eit forslag på syndsvedkjenning, som eg sende til liturgirevisjonen i juni 2007. Eg sende den på nynorsk og bokmål:

"Heilage Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg, for eg lever ikkje alltid opp til det gode du har lagt ned i meg. For eg er skapt i Ditt bilete til store ting, men kjenner den vonde hugen i hjarta mitt. Gjer meg rein og fri for skuld, og reinsa meg for mi synd! Gud, skap i meg eit reint hjarta, gjev meg ei ny og stødig ånd slik at eg, ved din nåde, kan elska Deg og mine medmenneske av eit heilt hjarta. Amen!"

"Hellige Gud, himmelske Far, se i nåde til meg, for jeg lever ikke alltid opp til det gode du har lagt ned i meg. For jeg er skapt i Ditt bilde til store ting, men kjenner lysten til det onde i mitt hjerte. Gjør meg ren og fri for skyld, og rens meg for min synd! Gud, skap et rent hjerte i meg, gi meg en ny og stø ånd slik at jeg, ved din nåde, kan elske Deg og mine medmennesker av et helt hjerte. Amen!"

³ Baasland, Ernst & Hvalvik, Reidar (red.), *De apostoliske fedre*. I norsk oversettelse med innledninger og noter (Oslo: Luther, 1984; 1997), s. 28

4.3. Dåpsliturgien

I dagens dåpsliturgi seier vi at barnet er "fødd med menneskeslekta si synd og skuld."⁴ Dette vil ein no endre. Østereng las opp eit forslag til revisjon. Eg hugsar dessverre ikkje dette, men eg hugsar at den var svært "mild." Ein snakkar om barnet som om dåpen eigentleg ikkje trengs. Østereng spurde litt ironisk om det eigentleg er vits med ein dåp med ei slik formulering. Dåpen er jo ei gravferd for det gamle mennesket, og i dåpen som knytter vi oss til, eller blir knytta til, Kristus. **Som Paulus seier det: "Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og liksom Kristus vart oppreist frå dei døde ved Faderens veldige kraft, skal vi òg leva eit nytt liv." (Rom 6:4)**

Østereng påpeika at dåpen er nødvendig, og viste til CA 9:

Om dåpen lærer [dei lutherske kyrkjelydane] at han (dåpen) er naudsynleg til frelse, og at Guds nåde vert boden fram ved dåpen, og at borna bør døypast, dei som vert mottekne i Guds nåde, når dei ved dåpen er overgjevne til Gud.

[Dei lutherske kyrkjelydane] fordømer gjendøyparane, som vrakar barnedåpen og påstår at borna vert sæle utan dåp.

Østereng spurde om det er ein bibelsk antropologi som ligg som bakgrunn for denne liturgien, men hadde problem med å finne noko bibelsk grunnlag for dette. Han viste til at mennesket er skapt i Guds bilete, men sa at dette er eit uttrykk som det har gått inflasjon i. Dersom vi berre seier at mennesket er skapt i Guds bilete, og stoppar der, vil folk oppfatte dette feil. Poenget i kristendommen er jo at dette gudsbiletet har blitt tilsmussa og at vi skal gjenvinne det, det som dei ortodokse kallar for *theosis*. Menneskeverdet er der, men det er ikkje heile biletet. **Vi må ha eit holistisk, heilskapleg, bilete på mennesket.**

5. Synd

Østereng avslutta foredraget med nokre tankar omkring syndspørsmålet, og korleis dette vil prege liturgien. Han påpeika eit problem med det nærast udelte positive menneskesynet i liturgien. Når vi kjem fram til *Agnus Dei*, vil dette virke unaturleg. Der seier vi:

Du Guds Lam, som bar/ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som bar/ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som bar/ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Men om vi ikkje har noko meining om kva synd er for noko, vil dette virke irrelevant. Vi blir ikkje førebua for dette i liturgien.

⁴ Eg vil leggje til at eg har litt problem med å seie at dei er fødd med skuld, men eg har ikkje noko problem med å seie at "alle menneske som er forplanta på naturleg vis, etter Adams fall vert fødde med synd, det vil seia utan otte for Gud, utan tillit til Gud og med trå, og at denne ervelege [lat. originis, "opphavlege"] sjukdomen og bresten verkeleg er synd, som fordømer og no òg fører med seg den ævelege døden for dei som ikkje vert atterfødde ved dåpen og Den Heilage Ande." (CA 2)

Østereng påpeika også på eit problem med det postmoderne mennesket; Vi vil heile tida at Gud og våre medmenneske skal "bekrefte oss." Vi vil nærast at det er Gud som skal tene oss, og ikkje omvendt. Det er riktig at Gud vil ha med oss å gjere, men Han vil forme oss. **"Men vi som med usveipt åsyn ser Herrens herlegdom som i ein spegel, vi vert alle omlaga til det same biletet, frå herlegdom til herlegdom. Dette skjer ved Herrens Ande."** (2Kor 3:18) Gud hatar synda, men elsker syndaren, og vil difor endre oss.

Østereng var svært klar på kor viktig det er å halde på det frelseshistoriske perspektivet i gudstenesta.

6. Spørsmål frå salen

Eg vil berre sjå på nokre av dei spørsmåla som kom fram.

1. Østereng fekk spørsmål om kvifor ein vil gå til "ber all verdsens synder" i staden for "bar all verdsens synder." Han påpeika at det er slik formuleringa er i Joh 1:29, og påpeika at dette blir konkretisert inn i vår samtid, inn i notida. **Eg vil også leggje til det at lammet er slakta frå frå verda vart grunnlagd (Op 13:8). I KJV står det: "And all that dwell upon the earth shall worship him, whose names are not written in the book of life of the Lamb slain from the foundation of the world."**

2. Otto Odland, som er sokneprest i Mariakirken i Bergen, påpeika også at dette er viktig. Han sa også at vi i syndsvedkjenninga burde "leggje oss langflate." Han viste også til ein gudsteneste han hadde tatt del i, der ein prest prøvde ut ei eigenskriven syndsvedkjenning. Men den minna mest om farisearen og ikkje om tollaren.

3. Ein prest som eg ikkje fekk tak i namnet til, la til at vi burde lese Narnia-bøkene. Aslan viser oss Gud, han er kjærleg og nåderik, men også skremmande. Kjærleg og heilag.

4. Ein mann, som eg ikkje fekk tak i namnet på, nemnte at vi burde ha syndsvedkjenninga før gudstenesta, kanskje på kyrkjetrappa. Han viste til den gamle jødiske skikken som tilsa at ein ikkje slapp inn i tempelet utan fyrst å vedkjenne seg sine synder, og sone dei (gjennom offer.) Ei kvinne i forsamlinga tok også tak i dette, og sa at vi kunne ha ei syndsvedkjenning på trappa, for så å gå inn i kyrkja i prosisjon, med krusifikset fremst. Dette vil vise at det eine og åleine er i Kristus at våre synder blir utsletta.

5. Eg sa at ein ikkje burde gå rett frå syndsvedkjenning til kyrie, men presten/litorgen burde gje ein absulasjon eller kanskje sitere 1Joh 1:9: "Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd."